

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 02.09.2019

Handsaming i møtet

RS 34/19 Artikkel i NRK 20.08.2019 om dei nye bompengeselskapa

Kontrollutvalet vedtok samrøystes at fellesinformasjonen i denne saka delvis vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, då det kom fram teiepliktige opplysningar i møtet.

I samband med handsaming av denne referatsaka orienterte leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, om ei henvending han har motteke når det gjeld Skyttel AS som er eigd av fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er dei same fylkeskommunane som eig Ferde AS.

Saka vart diskutert i felles video-møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Etter felles diskusjon med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart det semje om slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
4. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.

RS 35/19 og RS 36/19 Klage på vedtak vedrørende Unge Venstres stand på skolevalgtorg ved Nordahl Grieg vgs

Vart ettersendt kontrollutvalet på e-post 28.08. og 29.08.2019.

RS 37/19 Skuledebattar / valtorg

Vart ettersendt kontrollutvalet på e-post 01.09.2019.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. RS 34/19 Artikkel i NRK 20.08.2019 om dei nye bompengeselskapa.

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
 2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
 3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
 4. Leiar i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
 5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.
2. Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.